

## UTLEIGE

“VONHAUG” er Mjølfjell-hytta til Voss KFUK-KFUM. Hytta ligg om lag 10 minutt gangveg frå Mjølfjell stasjon på Bergensbanen.

Hyttestyret i Voss KFUK-KFUM står ansvarleg for drifta av hytta. Ein kan tingja plass hos Voss KFUK-KFUM på telefon 56516460, på [www.kfuk-kfum.no/kmportal/side462](http://www.kfuk-kfum.no/kmportal/side462). eller pr mail til [ingrid2@kfuk-kfum.no](mailto:ingrid2@kfuk-kfum.no)

### NØKKELE:

Overlevering av nøkkel kan avtalast med sekretæren i Voss KFUK-KFUM, tlf. 56516460 / 48031200

### KORLEIS FINNE FRAM?

På Mjølfjell stasjon stig ein av toget frå Bergen /Voss og går mot venstre. Denne vegen held ein fram på ned til vegkryss med bru. Her tar ein til høgre. Hytta ligg omlag 200 m frå dette vegkrysset, litt opp i lia til høgda. Normal spassertid fra/til stasjonen er 7 minutt.

### INTERIØRET

I første høgda er det vindfang, gang, 2 toalett, kjøkken m/lagerrom og anretning, spisestove, peisestove og ungdomsstove(“klubbholo”).

I andre høgda er det 5 soverom og eit lagerrom for madrassar. Romma har sengeplass for ulikt persontal. Eit 2 mannsrom, eit 3-mannsrom, to 4-mannsrom og eit 8-mannsrom, i alt 21 faste senger. Det er forboden å ha fleire på romma i andre etasje av branntekniske omsyn.

Nytt brannvarslingsanlegg er installert, i tillegg til rømningsveg frå rom ein i andre høgda (er ikkje merka med EXIT-skilt). Ellers er det er golvplass til nokon fleire i 1.etasje og i annekset mot sør-aust.

I kjellaren er det moderne dusjrom, vedbod, reidskapsrom og lagerrom. Sjå eget avsnitt om dusjanlegget.

## PRAKTISKE REGLAR

Vi vonar at alle som brukar hytta får eit kjekt opphald både inne og ute i den vakre naturen på Mjølfjell.

Alle som skal overnatta, må ta med laken, putevar og sovepose.

Me har laga ei punktvis sjekklister som de finn i gangen attmed telefonen til bruk før de reiser heim. Er det skadar eller noko de ikkje får retta på må de gje melding til foreiningssekretæren snarast på telefon 56516460.

### NÅR DE KJEM TIL VONHAUG

1. Steng tappekranar i kjellar, kjøkken, toalett og 2.høgda, opna stoppekranane for kaldt vatn i kjellaren (rom til venstre for baderom.)
2. Opna stoppekran for varmt vatn til 2. høgda under taket i kjellaren.
3. Det er forbod mot parkering av bil på hovudvegen.

### NÅR DU FORLET VONHAUG

#### FROSTSIKRING

Sidan hytta ligg høgt til fjell i eit barskt klima, lyt vi ha nokre åtgjerd som gjeld frostsikring. Frå 1.september til 1.mai har vi desse reglane før avreise:

1. All straum skal vera avslått, med unntak av varmtvannsberederane i kjellaren. (15.nov-15.mars sjå under)
2. Hovudstoppekran for kaldvatn skal vera stengd. Uttappingskran for hovudstoppekran skal vera open, slik at det ikkje frys vatn i røyr inne i hytta.
3. Opna alle tappekranar i kjellar, kjøkken, toalett og i 2. høgda.
4. Tapp ut varmvatn frå leidningen til 2. høgda. Tappekranane er ved klessnorlampa ved taket i kjellaren.
5. **Tøm cisternene på toalettet (dra i snora etter at du har stengt vatnet).**
6. Ha i frostveske desse stadene: I kvar klosettskål, i servant, i oppvaskbenk og i utslagsvask i 2. høgda. (Frostveske skal vere på avsats i kjellartrappa)

I vintersesongen ( 15.november-15.mars) har vi i tillegg desse reglane:

7. Omnen skal stå på 2 på kjøkkenet
8. Omnen skal stå på 1 på toaletta. Termostat på +5 grader.
9. Omnen under skohylla i gangen skal stå på 1.
10. Omnen i peisestova skal stå på 2.
11. Termostat i dusjrommet skal stå på +10 grader
12. Les av strømmålaren og før på oppgjerskjemaet.

## DUSJANLEGG

Det er installert myntautomat til dusjen (kr. 10,-) Denne gjeld fire dusjar, og ein har då vatn i tre minutt.

Brytar for varmekablar må stå på i tida 15. november - 1. april.  
Termostat for golvet i baderommet skal stå på +10 grader ved avreise.

Vifta må stå på når dusjrommet er i bruk.

## PRISAR

Minstepris er kr. 500,- pr. døgn

Avbestillingsgebyr er kr. 500,- ved avbestilling seinare enn 3 veker før leigedato.

I påska er det avbestillingsgebyr på kr. 500,- pr bestilt natt seinare enn 6 veker før leigedato.

Medlemmer i Voss KFUK-KFUM per person pr. natt	kr. 60,-
Medlemmer i KFUK-KFUM per person pr. natt	kr. 100,-
Andre leigetakarar per person pr. natt	kr. 120,-

Betaling overførast til bankgiro: 3480.20.38390

Eige oppgjersskjema, som skal nyttast av leigetakarar, vert sendt ved tinging.  
Skjemaet skal sendast til Hyttestyret v/ kasserar seinast ei veke etter avslutta leige.

## INFORMASJON/ MELDING ATTENDE TIL HYTTESTYRET.

Eit eksemplar av denne brosjyren finn du attmed telefonen i gangen. Oppgjeret skal gjerast i samsvar med oppgjersskjema. Der er det god plass til merknader og melding attende til Hyttestyret.

\*\*\*\*

Vi ynskjer alle eit kjekt og inspirerande opphald på Vonhaug!

**HYTTESTYRET**

**Velkommen**

**til**

**VONHAUG!**

